



Svein-Olav Kårdal
Postboks 41
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2188 - 15/19603

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
27.05.2015


Førebels svar - trong for tilleggskonstruksjon - gbnr 108/268 Lindås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.05.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn søknad om dispensasjon for oppføring av terrasse delvis innanfor regulert byggegrense mot veg.




Denne linja viser kvar byggegrensa går. Den nye terrassen vil delvis ligge innanfor byggegrensa.



Eigedomen dykkar er omfatta av reguleringsplanen «Kolås 2», som biletet over er henta frå. Det er i utgangspunktet ikkje høve til å bygge innanfor den markerte byggegrensa mot vegane. For eventuelt å kunne få løyve likevel, må det søkast om dispensasjon. Det er viktig at dispensasjonssøknaden er grunngjeven.

2. Det må sendast inn søknad om dispensasjon for oppføring av terrasse utanfor «fotavtrykket» som ligg i reguleringskartet.



Fotavtrykk illustrert i reguleringsplanen.

(Gult bygg vist på kartet under punkt 1. viser kva som er bygget.)

Reguleringsplanen inneheld ikkje informasjon om kva utnyttingsgrad som er tillate på denne eigedomen. På plankartet er dette ikkje vist på anna måte enn ved eit fotavtrykk av eit illustrert bygg. Dette fotavtrykket vil då i praksis gjelde som utnyttingsgrad. Når ein ønskjer å bygge utanfor det illustrerte fotavtrykket, vil ein måtte søkje om dispensasjon frå dette, og dermed i praksis også utnyttingsgraden. Det er viktig at søknaden er grunngjeven.

3. Tiltaket må nabovarslast på nytt.

Det er viktig at det kryssast av i nabovarslingskjemaet at det søkast om dispensasjon, og at naboane samstundes mottek dispensasjonssøknadene.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert **sendt inn samla innan 01.08.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at dispensasjonssøknadar som kjem inn etter 01.07.2015 vil handsamast etter nytt regelverk som gjer dei sakshandsamingsfrist. Pr. i dag har ikkje dispensasjonssøknadar sakshandsamingsfrist.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Svein-Olav Kårdal

Postboks 41

5951

LINDÅS